



DEN NORSKE KYRKJA

Osterøy sokn



Å R S M E L D I N G 2024

Å R S M E L D I N G

2024

2024 har vore eit år der vi har fått prøve ut korleis det har fungert å vere eitt sokn i staden for fem. Vi fekk eit nytt organisasjonsnummer og heiter no Osterøy sokn og Osterøy sokneråd. Soknerådet har no både soknerådssaker og fellesrådssaker.

Driftsåret 2024 har vore prega av førebuing til 1000 års jubileet for Hamre som kyrkjestad og feiring av Haus kyrkje som var 150 år.

Vi har også gått over til kyrkja sin eigen plattform «Kirkepartner» og kan no lettare ta del i meir informasjonsflyt.

Soknerådet retter ein stor takk til alle kyrkjas friviljuge medarbeidarar som utrøyttelig står på for kyrkja og Guds rike på jord. Vi har fått på plass fire kyrkjeutval som fungerer godt og jobbar inn mot gudstenester og trusopplæringsarbeid.

Endring i organisasjonsstruktur gjev nye og endra moglegheiter for endring og påverknad, og høve til å engasjera seg på nye måtar for å nå ut til nye menneske med verdas største, meningsfulle og frelsande budskap!

God lesing!

Lonevåg, . 3.mars 2025

Bjarte Aarland
Leiar



Linda G. Lunga
Kyrkjeverje



STYRING OG LEIING.....7

Rådsarbeid og kyrkjepolitikk.....7

Samarbeid mellom sokneråd og kommune.....8

Administrasjon.....9

VERKSEMDSOMRÅDE.....12

Kyrkjelydsliv.....12

Trusopplæring.....15

Kyrkjemusikk..... 22

Vedlikehald og rehabilitering.....26

Gravplassforvaltning.....27

ØKONOMI OG STATISTIKK.....27

Økonomi.....27

Statistikk.....28

Foto framside: Helge Nelson.

STYRING OG LEIING

Rådsarbeid og kyrkjepolitikk

Soknerådet har i 2024 hatt sju møter og handsama 45 fellesrådssaker og 20 soknerådssaker. Kyrkjeleg administrasjonsutval har hatt to møter i 2024.

Forhandlingsutvalet hadde eitt møte i 2024. Dei viktigaste sakene soknerådet har jobba med i 2024 er førebuing til kyrkjejubilea, innkjøp av fornya lydutstyr i Hamre og Haus kyrkje og overgang til Kirkepartner.

Osterøy sokneråd har sidan opprettinga bestått av Bjarte Hammer Aarland (leiar), Anne Cecilie Skeidsvoll, Magne Roald Vikne, Miriam Skjelvik Kalland, Kristin-Merete Nøttveit, Kari Vevle Reigstad, Otto Mo, Mariann Aasheim, Jan Roald Myking og Evy Bysheim Pedersen. Mariann Aasheim har fått innvilga eitt års permisjon fram til 29.08.25 og Liv Rivenes har no rykka opp frå 1. vara til fast medlem i rådet.

Soknerådet har vore organisert med to utval:

Administrasjonsutvalet og forhandlingsutvalet.

Administrasjonsutvalet er eit partssamansett utval som handsamer til dømes tilsettingar, men òg andre saker som fellesrådet overlèt til administrasjonsutvalet.

Administrasjonsutvalet har hatt to møter i 2024 som gjaldt ansetjing av ny kyrkjetenar i Haus.

Utvalet er samansett av Anne Cecilie Skeidsvoll, Kari Vevle Reigstad og Bjarte Aarland, samt arbeidstakarrepresentantane Helga Askeland Mjelstad (Utdanningsforbundet) og Trent Bruner (CREO).

Forhandlingsutvalet har berre ei oppgåve: å gjennomføre lønsforhandlinger med kyrkjevevja og fastsetje kyrkjevevjas løn. Forhandlingsutvalet har i 2024 hatt eitt møte. Utvalet har bestått av Bjarte Aarland, Anne Cecilie Skeidsvoll og Kari Vevle Reigstad. Kyrkjevevja er sekretær for soknerådet og utvala.

Osterøy kommune stiller med ein kommunal representant som no er Sigmund Faugstad og Gerd Karin Njaastad er nestleiar. Vår nye sokneprest Astrid Marie Haugland er no kyrkja sin representant i soknerådet. Prost Leif Endre Grutle er vara i hennar fråvær.

Kvart år skal det veljast soknerådsleiar og vara. Bjarte Aarland vart vald som soknerådsleiar også i 2025 og Kari Vevle Reigstad vart vald som nestleiar.

Samarbeid mellom sokneråd og kommune

Det har vore mindre møter med kommunen etter overgangen til eksternt rekneskapsbyrå. I januar hadde soknerådsleiar Bjarte Aarland og kyrkjevevje Linda G. Lunga eit økonomimøte med ordførar Lars Fjeldstad, rådmann Ingvild Hjelmteit og økonomisjef Øyvind Johannesen.

Dei fekk tilsendt rekneskapsrapporten frå Aider rekneskap for 2023 og tertialrapportene i mai og september. I oktober var soknerådsleier på budsjettmøte med heradsstyret og hadde eit innlegg. Leiar presenterte grunnlaget for kontakten med kommunen og deira finansieringsansvar og informerte om behova for ny grasklypper til kyrkjegardane og ny gravemaskin til graving av grav.

Administrasjon

Kyrkjekontoret er eit felles kontor for den samla kyrkjelege verksemda i kommunen. Dette fungerer godt. Kyrkjevevja fungerer som sekretærar for soknerådet og leier verksemda knytt til personal-, gravplass- og kyrkjebyggforvaltning. I all hovudsak har ein i 2024 jobba på eksisterande planar og etter gamal soknestructur. Kyrkjetenarane er knytt til kvar si kyrkje, men gjer teneste for kvarandre ved trong for det.

Kyrkjemusikarane har faste kyrkjer dei spelar i på søndagar, men deler og rullerer mellom kyrkjene elles.

Undervisningstilsette dekkjer alle sokna med sitt arbeid. Det er tilsett totalt 5,4 årsverk under soknerådets ansvar. I tillegg kjem sesongarbeidarar.

Det var i 2023 tilsett ein ny fast sokneprest for Osterøy sokn: Astrid Marie Haugland. I kapellanstillinga for Hamre og Hosanger, har det vore løyst med bruk av vikarar. Ida Greve var prostiprest fram til sommaren og Kjetil Austad Endal var prostiprest frå hausten. Bjarte Aarland var konfirmantlærarvikar fram til juni 2024 og Helle Kartveit var konfirmantlærar frå 1.august 2024.

Prosjektleiar for Hamre kyrkjestad 1000 år, Ingveig Alida Larsson, jobba i ei 20% stilling fram til 1.november.

Kyrkjesenteret vert brukt flittig. Her er det stabsmøter, soknerådsmøter, trusopplæringstiltak, dåpssamtaler og vaffelfredag. Biblioteket nyttar iblant lokala våre for deira møter og trusopplærar har nytta biblioteket til babysong. Konfirmantundervisninga er flytta frå skulane til kyrkjesenteret med unntak av konfirmantane ved Danielsen ungdomsskule. I 2024 har kyrkjene vore tatt meir i bruk til undervisning enn dei to foregåande åra i straumkrise. Næringsdrivande nyter også godt av kyrkjesenteret og samarbeider med kyrkja.

I april gjekk ein frå IKT-Nordhordland til Kirkepartner sin plattform. Mykje nytt og mykje å setje seg inn i, men med von om at det er ønskjeleg at sokneråda og fellesråda er med i kyrkja si eiga plattform.

Sommaravslutninga vart utsatt til i august då staben dro til Moster kyrkje med omvisning og Moster Amfi. Vi hadde eit strålende fint ver og fekk ei guida omvisning i Moster gamle kyrkje og ei omvisning inne i Moster Amfi. Etter nokre timar der hadde vi reker til lunsj i hytta til kontor Ivar Mæland på Bømlo.



Staben på
sommaravslutningstur til
Moster kyrkje og Moster
Amfi.

Foto: Linda G. Lunga.

Helle Kartveit slutta i sitt vikariat i juni då ho hadde fått ny fast stilling i 100% på Radøy.

Kapellanstillinga vart lyst ut på våren og det var ein søkjar som ikkje fekk tilbod om stillinga. Bjarte Aarland melde seg til å jobbe 20% som konfirmantlærarvikar og Toril Margrete Nelson fekk tilbod om den administrative delen av jobben i 20%, betalt av Bjørgvin bispedøme. Deira vikariat starta 1.august og varer til 1.juni 2025.

Huseigarane Bjarte Bjørsvik og Jon Anders Birkeland, har vore proaktive eigarar. Det har til dømes vert halde brannøving, retta opp i ein del feil og manglar og innstallert ny heis og brannvarslingsanlegg.

VERKSEMDSOMRÅDE

Kyrkjelydsliv

Kyrkjelydsarbeidet har i 2024

vore Osterøy sokneråd sitt ansvar og trusopplæringsarbeidet har vore administrert frå kontoret via trusopplærar. Soknerådet har fått statlege midlar til dette arbeidet. Trusopplæraren har i 2024 jobba etter dei dåverande sokneråda sine fastsette trusopplæringsplanar. Sidan før sammenslåinga har vi jobba med å få eit kyrkjeutval til kvar kyrkje. Dette er vi heilt avhengige av og det er litt ulikt korleis dette har arta seg.

Bruvik kyrkje

Kyrkjeutvalet på Bruvik har bestått av soknerådsrepresentantane som har stilt opp på gudstenester og trusopplæringstiltak.

Gjerstad kyrkje

I Gjerstad har ein hatt eit velfungerande kyrkjeutval med stort engasjement. Kyrkjeutvalet har òg teke eit aktivt eigarskap til trusopplæringsaktivitetane.

Haus kyrkje

I mai ordna dei med ei storstilt feiring av 150 års jubileumet. Heile bygda engasjerte seg i aktivitetar ute og inne. Fredag var det kulturkveld med rømmegraut, laurdag familiedag og søndag jubileumsgudsteneste. Innan jubilèet vart det kjøpt inn ny miksepult. I august var det bruopning.

Johannes Monstad gjorde ein flott jobb med både brua og ein del av muren på gravplassen som hadde ramla ut.

Kyrkjelydshuset i Haus

Husstyret for Haus kyrkjelydshus består no av medlemmer frå soknerådet og ein frivillig i Haus. Kyrkjekontoret har overtatt utleige av huset og det administrative. Kyrkjelydshuset vert mellom anna nytta til minnesamvær, dåpsfeiring og pensjonisttreff.

Hamre kyrkje

23.-26.mai hadde vi feiring av Hamre kyrkjestad var 1000 år i 2024. Det var ulike foredragshaldarar, konsert for born og vaksne, uteaktivitetar og jubileumsgudsteneste med biskop Ragnhild Jebsen og Kjersti Toppe som tekstlesar.

Etter jubileumet vart det kjøpt inn minnesmerkeskilt, ny oppslagstavle og nytt posesjonskors.

Gåva frå tidlegare Osterøy kyrkjeleg fellesråd er under arbeid og vil bli overrekt i mars 2025. Det er vevd messehaket, preikestolklede og talarstolklede i raudfarge.

Ferjegudstenesta 2. pinsedag kunne hatt betre oppslutning. Det er mykje å ordne for å få det praktiske i hamn, og ein kan nemne oppsett av paviljong, teknisk utstyr, stolar, kaffi og kaker.

Kyrkjeutvalet er ikkje på plass her. I Hamre stiller dei tidlegare tekstlesarane og kyrkjevertane opp frå gong til gong.

Hosanger kyrkje

Hosanger har det siste året fått eit oppsving når det kjem til kyrkjeutval og konsertar. Der er det eit kort fungerande utval som stiller opp på gudstenester og legg til rette for flott kyrkjekaffi og pynting i kyrkja. Dei har også tatt opp igjen tradisjonen med konsertar der dei leiger inn attraktive artistar. Noko som har vore svært vellukka.

Eit særleg vellukka arrangement i Hosanger sokn er den årlege klovneforestillinga klovnanen med *Tipp og Topp* som samlar mykje folk kvart år.

Osterøytunet

I 2024 var det 15 andaktar/gudstenester på Osterøytunet. Sokneprest og organist deltek saman med frivillige. Antal frammøtte har vore 198.

Kyrkjehelsing

Bladet har i 2024 komen ut to gonger. Tilsette bidrar med alt stoff. Det er ein eigen lokal redaktør, Vibeke Midttun Bjørndal, som redigerer innhaldet i bladet. Osterøy skulebrass distribuerer bladet. Sidan bladet er eit fellesprosjekt, er dei tolv sidene i midten felles i blada. Her kan ein få inn stoff frå Osterøy som ein ønskjer delt med dei samarbeidssokna. Dei fire sokna har eit styre med to medlemmer frå kvart sokn. Nye prisar vart sjekka

ut, og det har no vorte eit billigare blad med tynnare papirkvalitet og er i avisformat på A3 storleik.

Trusopplæring

Årsrapport for trusopplæring (TOL) 2024

Revidering av trusopplæringsplanen:

Dei 5 sokna på Osterøy blei samla til eitt sokn frå 2024; Osterøy sokn. Dei 5 TOL-planane til Osterøy er reviderte og kan no lesast som ein felles plan. Osterøy sokneråd har gitt trusmedarbeidar mynde til revidering i samarbeid med TOL-rådet (trusopplæringsrådet). Arbeidet er ikkje ferdigstilt, men vil bli fullført i 2025.

Nytt i 2024; Ranselgudsteneste:

For første gong blei det arrangert Ranselgudsteneste for førsteklassingane i staden for "Heilt førsteklasses." Før gudstenesta hadde me eiga samling for førsteklassingane. Deltakinga var svært god; 18 barn. Ranselgudsteneste vil me fortsetja med også i 2025.

Tårnagentklubben:

Klubben har fått nokre nye medlemmer får 3.-5.klasse, mens nokre av dei eldste klubb-medlemmene har slutta. Framleis har klubben 1 samling i månaden. På klubbsamlingane møter framleis 7-8 stk. kvar gong. Det er merkbart at dei som er med i klubben også deltar på andre TOL-tiltak. Dei tre hjelpeleiarane, som blei oppdaga i denne klubben, var hjelpeleiarar på Lys Vaken både i Gjerstad og Haus i år også. Synnøve Tveiterås og Helga A. Mjelstad er vaksenleiarar i klubben.



Foto: Helga A. Mjelstad
Tårnagentar i Bruvik kyrkje

Sprell levande søndagsskule-måndag:

Søndagsskulen hadde pause i vårsemesteret, men gjennomførte 4 samlingar i haust. Samlingane er i kyrkjesenteret (Lonevåg). Ei trufast barnegruppe deltar på samlingane. Kvar samling er bygd opp rundt ein fast liturgi og flanellograf blir mykje brukt i formidling av bibelforteljingane. Fisking av songar er populært. Leik og fargelegging er kjekke aktivitetar. Gerd Karin Njaastad og Anne Cecilie Skeidsvoll er leiarar på søndagsskulen.

Småbarnsong:

Småbarnsong er blitt ei lita suksesshistorie. 10-20 barn i alderen 3-5 år deltar på kvar samling. Alle har med seg ein vaksen. Barna får læra nye og gamle barnesongar og songleikar. Dei speler rytmeinstrument og har fruktpause med bibelforteljing. Det er fasinerande å møta desse små songarane kvar månad og registrera at dei etter kvart stemmer i med klokkeklare songstemmer og viser forståing for systemet i samlinga. Fleire familiar er faste deltakarar på Småbarnsong. Ivar Mæland og Helga A. Mjelstad leier songstundene.

Konfirmantarbeidet:

I vårsemesteret hadde kyrkja konfirmantlærar i 50% stilling (Helle Kartveit), sidan Osterøy manglar ein fast tilsett prest. I haust har konfirmantgruppa konfirmantlærar i 20% stilling (Bjarte Aarland). I tillegg har kontorpersonale (Toril Nelson) administrasjon av konfirmantarbeidet i 20% stilling. Dette kom som ei naudløysing, sidan me ikkje fekk søkjar på konfirmantlærarstillinga. Særleg i samband med konfirmantleir, er dette knapt med ressursar.

Kvart år kjenner me presset på nettopp konfirmantarbeidet. 60-70 konfirmantar er ei stor gruppe å følgja opp. Med færre tilsette blir oppfølging av konfirmantar ekstra utfordrande.

Laurdagstreff:

Målet med laurdagstreffa var i utgangspunktet å tilby barn og familiar ei oppfølging etter eit avslutta TOL-tiltak. Då er ofte barna motiverte for å bli med på meir aktivitet i kyrkja.

Laurdagstreffa er for folk i alle aldrar, barn og vaksne. TOL-rådet organiserer leiargrupper rundt kvart treff. Sidan oppmøtet ikkje er like godt heile året, er det bestemt at treffa skal vera i dei 4 kyrkjene ved fjorden i sommarhalvåret og i kyrkjesenteret i adventstida.

Vinteren og våren 2024 blei ikkje laurdagstreffa gjennomførte, men i september hadde kyrkjeutvalet i Hosanger eit vellykka laurdagstreff. Fleire familiar var innom og barna kosa seg med aktivitetar ute og inne i kyrkja i nydeleg vér. Vaflar, saft og kaffi blei servert.

I november blei det laurdagstreff i kyrkjesenteret med servering av gratis julegraut i ei travel førjulstid. 25 personar var innom på julegraut denne laurdag formiddagen.



Lys vaken overnatting for 11 åringar i Gjerstad kyrkje.

Foto: Helga A. Mjelstad.

Alder	Trusoppplæringstiltak i 2024:	Deltaking	%
0-1 år	Babysong: 27 samlingar i løpet av året. Tilbodet gjeld babyar frå heile Osterøy.	36 små og 36 vaksne	63%
1 år	Faddergåva: På dåpsdagen får ein av fadrane utdelt ei bønnebok for barn, som fadderen skal overrekkja barnet på 1-års dåpsdag. Alle dåpsbarn får denne gåva.	47 bøker utdelt	100%
0-1 år	Dåp: Før dåp blir alle foreldre/føresette inviterte til 1t dåpssamtale i gruppe. Prest og trusmedarbeidar gjennomfører dåpssamtalane.	47 døypte	79%
2 år	Trill & Trill m/utdeling av 2-årsbok blei arrangert i Haus kyrkje med graut i kyrkjelydshuset.	16 barn og 16 vaksne	32%
3 år	TOL-gåve/småbarnsong: Døypte 3-åringar fekk i eit aktivitetshfte tilsendt i posten. Dei fekk samtidig invitasjon til småbarnsong 1 tysdag i månaden. 3-5-åringar går på småbarnsong.	29 barn totalt 8 3-åringar	14%
3-12 år	B-dagen: Få barn var påmelde til B-dag i Bruvik kyrkje i år. Arrangementet blei avlyst.		
4 år	4-årsbok: 4-åringane fekk samling 1 time før gudsteneste i 4 av kyrkjene (-Bruvik). 4-årsboka blei utdelt i 4 av kyrkjene på familiegudsteneste.	20 barn fekk 4-årsbok	40%
4-12 år	Juleverkstad i Bruvik kyrkje: Nokre av desse barna er frå Gjerstad.	8 barn	
5 år	Klovnane Tipp og Topp i Hosanger kyrkje blei gjennomført for sjuande gong. 5-åringane var spesielt inviterte.	Totalt: 177 personar	34%

	Barn frå Småbarnsong deltok med nokre songar.	18 5-åringar	
6 år	Ranselgudsteneste m/6-årsbok: Nytt tilbod like etter skulestart.	18 barn	30%
7 år	Dåpsskule i kyrkjesenteret. Avslutning med drama på gudstenesta Palmesøndag.	5 barn	9%
8-9 år	Tårnagenthelg: Tårnagentane deltar på agentsamling laurdag og gudsteneste søndag.	24 8-åringar 3 9-åringar	37% 4%
10 år	Lys Vaken: Opplegget blei gjennomført med overnatting i Gjerstad og Haus kyrkje. I Gjerstad var fleire av deltakarane frå Hamre sokn.	Gjerstad: 18 Haus: 9	44%
11 år	Kode B: Blei gjennomført i Haus kyrkjelydshus, som planlagt. Servering: tacosuppe.	14 barn	19%
14 år	Himmel over livet: Arrangement v/Husavatnet blei ikkje gjennomført.		
14 år	Informasjonsmøte om konfirmanntida blei gjennomført som felles foreldremøte i Osterøy bibliotek.		
15 år	Konfirmasjon: Konfirmasjonane blei gjennomførte i april/mai.	Bruvik: 0 Gjerstad: 15 Hamre: 34 Hosanger: 10 Haus: 17	

Kyrkjemusikk

Introduksjon

2024 var ei travel tid for den musikalske aktiviteten på Osterøy. To kyrkjejubileum, den eine i Haus kyrkje og den andre i Hamre kyrkje, konsertar, planlegging av å vidareutvikle kyrkjemusikk på Osterøy, Hamre kyrkjes orgelsituasjon og oppdatering av lydutstyr var hovudtema i 2024.

Jubileum og lyd i kyrkjene

Haus kyrkje feira 150-årsjubileet 09.-12.mai og Hamre kyrkje feira 1000-årsjubileet 23.-26. mai 2024. Det innebar mange møter om lydarbeid. Haus kyrkje fekk ein ny miksepult og auka dermed kapasiteten med mikrofonar og fleksibiliteten med musikk og kyrkjelege handlingar. Hamre kyrkje fekk fleire mikrofonar og oppjustering av lydanlegget. Det var også satt opp høgtalarar i våpenhuset. Selskapet *Ljbi* var leverandør. Som ein del av eit langsiktig mål og behov vart installering av ein ny miksepult i Gjerstad kyrkje godkjent av Osterøy sokneråd. Installering skal skje tidleg i 2025.



Foto: Helge Nelson.

Deltaking

Gjestemusikar frå Bergen og på Osterøy som spelte på gudstenester i 2024 var konfirmantar, skuleelevar, amatørsolistar, lokal gruppe og profesjonelle musikarar saman med organist og kantor.

Konsertar

Konsertverksemda har halde seg relativt stabilt i 2024. Det vart arrangert konsertar i sjangeren barokk, klassisk, born, folkemusikk, kristenpop, filmmusikk og tradisjonell kyrkjemusikk i kyrkjene på Osterøy. Staben, musikklag, kor, jubileumskomitear, andre organisasjonar og kyrkjeutval arrangerte konsertar i 2024. Lokale og profesjonelle aktørar deltok. Det var arrangert 11 konsertar av kyrkja på Osterøy med totalt 2061 besøkjande i 2024. Nokre konsertar vart arrangert av andre organisasjonar aleine og to konsertar i samarbeid med Osterøy sokneråd. Tilstades var 18-300 personar. Konsertane vart lagt ut på Facebook, Osterøy sokn si webside og «Skjer i kirken», ein digital plattform i Den norske kyrkja som når ut nasjonalt.

Instrumenter inn i kyrkja

Ein komite jobbar no aktivt med eit nytt flygel i Haus kyrkje med Vestland fylkeskommune og andre aktørar. Dette arbeidet er eit kontinuerleg arbeid som starta i Haus sokneråd hausten 2021.

Reparasjonar av orgelet i Hamre kyrkje har stoppa opp i påvente av behov for pengar. Hamre kyrkjjes vinterstenging har utsett planlegging av reparasjonar.

Kyrkjemusikkplan på Osterøy

I 2008 godkjente Den Norske kyrkja at alle sokneråd og fellesråd skal ha ein lokal kyrkjemusikkplan. Først i mars 2021 vart ein oversikt presentert for fellesrådet og alle sokn på Osterøy. I februar 2024 begynte arbeidet med denne planen. I oktober 2024 vart ein kyrkjemusikkplan godkjent internt av staben. Ein ny komité i kyrkjemusikk har starta opp og skal vidareutviklast i 2025. Eit møte er planlagt i mai 2025.

Prosessen om å integrere Osterøys musikalske tradisjonar og Osterøy sokneråds praksis i denne planen har starta og vil fortsetje. Eit oversyn på arbeidsmål er:

- å utvikle presentering av konserter i alle kyrkjene på Osterøy.
- auke deltaking og støtte på gudstenestene og andre kyrkjelege aktivitetar.
- støtte trusmedarbeidet på Osterøy.
- auke og støtte samarbeidet mellom Osterøy sokneråd og musikalske og kulturelle organisasjonar på Osterøy.

Vedlikehald og rehabilitering

I tida fram til 1000 års jubileumet i Hamre kyrkje vart det rydda i buskar og kratt utanfor kyrkja, både på nedre og øvre gravplass. Både hjelparar får Rusomsorgen i Osterøy kommune og frivillige frå øyne deltok i arbeidet. Gravarne la ned nytt grusdekke på vegen opp til øvre kyrkjegard og utanfor kyrkja. Flaggstonga og muren til Borgstova vart malt.

Inne vart lydanlegget oppdatert, slik at ein kunne stå både utanfor kyrkja og inne i våpenhuset og få med seg det som skjedde i kyrkja. Dette vart viktig på gudstenesta jubileumsdagen då ca 50-60 stk måtte venta ute. Været var strålende, så det vart eit brukande alternativ. All messing var pussa av lokale heltar på Hamreområdet.

I mai var det også eit 150 års jubileum i Haus kyrkje. Dei hadde ein eigen komitè som gjorde det meste av planlegginga sjølv. Her var det behov av ein ny miksepult, som vart innstallert av Lybi like innan jubileumsdagen.

I Hosanger var takrenna ned langs eine langsida av kyrkje sprukken og laga ei grønnfarge på veggene. Takrenna var bytta ut og veggene vaska.

Gravplassforvaltning

Det er det dåverande fellesrådet, no Osterøy sokneråd, som har ansvaret for drift og vedlikehald av gravplassane, og for gravlegging. Alle innbyggjarane på Osterøy har rett på fri grav når dei dør, uavhengig av kva trus- eller livssyn dei måtte ha.

Våre to kyrkjegardsarbeidarar har små stillingar. I 2024 hadde vi 45 gravferder. Oppgraving og pågraving, tining og deltaking i seremoniane har i 2024 tatt mesteparten av deira arbeidstid. Vedlikehald av kyrkjegardane utom har vorte gjort av innleigd arbeidskraft og av frivillige innan rusomsorga på Osterøy.

Frå 1.mai til 1.oktober har vi hatt innleigd arbeidskraft berre til klipping av gras på dei åtte gravplassane. Dette har fungert svært godt, til trass for ein sommar med mykje regn.

Det er framleis ei opphoping av gravminner som skulle vore sletta.

ØKONOMI OG STATISTIKK

Økonomi

Den kommunale finansieringa var på 5.695.000,- NOK i 2024. Resultatet for 2024 var eit mindreforbruk (overskot) på kr 55034,-.

På grunn av dei to kyrkjejubilea i Hamre og i Haus kyrkje vart utgiftene for 2024 prioriterte der. Hamre fekk utvida sitt lydanlegg og Haus fekk ny miksepult. Det vart også lagt grus på kyrkjegarden på Hamre og Borgstova fekk pussa opp muren.

Til 1000 års jubileumet ansatte vi prosjektleiar i 20% stilling to år før jubileumsåret. Dette var uvurderleg hjelp i planlegginga og på jubileumsdagane.

Brua mellom Haus kyrkje og prestegarden var i behov av restaurering og Osterøy kyrkjeleg fellesråd, som var det sitjande organet då, vart spurt om stønad til dette. OKF bidro med kr 100 000,- til brurestaureringa.

Statistikk

Statistikk kan lesast på fleire måtar, og kan vere til god hjelp om ein forstår mekanismane bakom tala. Når det gjeld talet gudstenester var dette tidlegare ein god del høgare. Etter bispevisitas i 2021 kom biskopen med ei ny forordning med færre gudstenester, av di talet tidlegare hadde vore noko vel høgt samanlikna med andre stader og dei ressursane ein hadde til rådvelde.

Sjølv om det i 2024 var to færre gudstenester enn i 2023 har talet på frammøtte gått opp. Talet på nattverdsgjester har også auke, og det er gledelig.

Talet på døypte har vore litt mindre i 2024 enn i 2023, medan antal konfirmerte heldt seg ganske stabilt. Dette har også noko med antalet i årskullet å gjera.

Talet på vigde heldt seg stabilt, medan gravferdene har gått litt ned.

Innmeldte og utmeldte er mykje dei same tala som i fjor.

Ofringane har fått ei kraftig auke, til trass for mindre gudstenester.

	2021	2022	2023	2024
Gudstenester	118	81	87	92
- til stades	4638	6314	5524	6268
Nattverdsgjester	554	1017	935	1025
Døypte	43	48	56	50
Konfirmerte	76	76	73	76
Vigde (par)	8	4	11	10
Gravlagde	56	75	49	45
Innmeldte	5	4	6	6
Utmeldte	26	23	18	17
Ofringar	129 333	137 550	200 148	247549

